



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<



BYGLANDSNYTT



Med hjarta i Bygland

**GOD JOL FRÅ BYGLAND KOMMUNE**

JOLETID 2024 - ARRANGEMENT I BYGLAND

Adventstida markerar ventetida fram til jol. Men ei ventetid tek no snart slutt i Bygland, og det er ventinga på nyopning av biblioteket og ungdomsklubben. Me skal feira i Bygland sentrum onsdag 04.12. kl. 18.00. >>> **S. 5**

Merketider desember:

- Nyopning av biblioteket og ungdomsklubben på Bygland: onsdag 04.12. kl. 18.00
- **Vikingsmykke, sløyd og bygdebøker: Jolegåver du få kjøpt på Bygland kommunehus: sjå s. 5**
- Jolegudstenester sjå s.



Bygland startar adventstida med ein fin tradisjon i regi av Bygland frivilligsentral: Jolegateopninga! Så følgjer det fest og arrangement for einkvar smak: jolemarknad, adventsfest, konsert, gudsteneste, joleturnering m.m. >>> **S. 13-15**

OPNING AV BYGLAND UNGDOMSKLUBB OG BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND



**ORDFØRAREN SI SIDE**

JOLEHELING FRÅ ORDFØRAREN

Desember og joletida er her. For mange er adventstida fylt med forventning. Ein pyntar hus og sentrum med ljøs, ein bakar jolekakar, syng jolesongar og gler seg til høgtida. For mange er også jola ei tid for sagn og sorg. Ein del kan også grue seg til joletida. Kjenner du nokre som du veit har det tungt så oppmodar eg deg om å ta ein ekstra telefon eller stikke innom for å høyre korleis det går.

Eg vil også på førehand takke dei som er på vakt i jola, både i brannvesenet, politiet og i helsetenestene. Tusen takk for den jobben de gjer!

Elles er det gledeleg at både bibliotek og ungdomsklubben på Bygand nå åpner dørene. Det er som ei sags førjolsgåve til oss alle saman, som mange har venta lenge på! Det er blitt nokre veldig fine lokale som eg håpar vil bli godt brukt, både til samver, lesing og gode opplevinger!

**ORDFØRAREN I BYGLAND, RUNAR GRANHEIM**

Elles handlar desember mykje om handsaming av budsjett og økonomiplanar for oss politikarar. Det er kanskje det viktigaste møtet vi har. Det er spanande å få vere med på, men også krevande. Å prioritere handlar om både å velge og å vrake. Eg vil takke alle representantane i kommunestyret for den solide innsatsen dei legg ned i det politiske arbeidet. Kvar og ein har hjarte og engasjement for Bygland kommune, det er heilt sikkert. Det leggst ned utallege timar for å finne dei beste løysingene for kommunen vår, no og framover! Takk for samarbeidet!

Til slutt vil eg minne om julegavetrea, som ein vil finne utanfor Coop på Byglandsfjord og ved Joker på Bygland. På desse trea kan ein finne ønskelappar. Ønskene er sendt inn frå born mellom 0 og 18 år som kjem frå låginntektsfamiliar. Det er eit framifrå tiltak for å hjelpe dei i våre lokalsamfunn som treng det mest. For å bidra kan ein også vippse til nr 129064.

Med det vil eg ynskje dykk alle ei god joletid og godt nyttår.

Mvh Runar Granheim





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00; stengt 26.12.

Info om opningstider i jola for Nav Midt-Agder avd. Bygland

- Bygland-kontoret holder stengt i jola, da drop- in er på helligdager.
- Det er mulig å komme til Bykle på drop- in 23.12 og 30.12, dersom det er behov for personlig oppmøte.
- Er du i akuttstasjon der du ikke har penger til mat eller står uten bolig det nærmeste døgnet, kan du ringe oss på tlf. 5555 3333, hverdager fra kl. 8.00 - 15.00.

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefonfunder måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNKLINIKK



MELLOMBELS STENGING AV BYGLAND TANNKLINIKK

Alle pasientane våre får tilbud om behandling på Evje tannklinikk.

Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95

Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg tlf. 945 22 025

BYGLAND BIBLIOTEK, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

Bygland bibliotek opnar att i nye lokale i det gamle bankbygget. Det blir opningsfest med tale v/ ordførar Runar Granheim, og servering av kaffi og kake onsdag 04.12. kl. 18.00.

Opningstider for Bygland biblioteket fram til jol:

- måndagar: 10:00 - 12:30
- onsdagar: 10:00 - 13:00
- torsdagar: 15:00 - 18:00



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD,
STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 17.00 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 -12.00



Opning av biblioteket og ungdomsklubben - onsdag 4. des. kl. 18.00, Bygland sentrum





POLITISKE MØTE - DESEMBER 2024



Kommunestyremøte: 12.12. kl. 09.00

Møtet blir streama. Du finn lenka til streaminga på kommunen si heimesida.

RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA



Utlevering av strøsand / henting av strøsand

Treng du strøsand?



Bygland Frivilligsentral i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma tilbyr strøsand ferdig fordelt i bøtter. Dersom du har behov for dette og har tenester i frå Open omsorg, kan du be dei ta med ei bøtte til deg.

Dersom du ikkje har tenester i frå Open omsorg, men ønskjer strøsand kan du hente på Frivilligsentralen på Bygland eller på Pakkbua på Byglandsfjord.

Lurer du på noko, ta gjerne kontakt på tlf: 94510770.



REF Bygland sin jolefest 2024

Rådet for Eldre og Funksjonshemma i Bygland inviterer alle 67+ og funksjonshemma til jolefester på Revnes Hotell, Byglandsfjord, tysdag 10.12. kl. 18.00

Underholdning ved Kenneth Fyhn. - Eigenandel: 100kr

Påmelding tlf. 958 68 260, e-post: pebe2@online.no

Påmeldingsfrist: 02.12.2024



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 64

REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigridnes

BILETE

- Framside: Vinter på stasjonsområde på Byglandsfjord / Johannes Hansen
- Redaksjonsnotat: Rimfrost / Susanne Hegenscheidt
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, A.C. Andersen,
- pixabay.com, S. Hegenscheidt - Kva skjer: Joleljøs på Bygland / S. Hegenscheidt

Byglandsnytt januar 2025: 07.01.2025, skrivefrist 27.12.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt





JOLEGAVER PÅ KOMMUNEHUSET: VIKINGSMYKKE OG SLØYD

Til vanleg yter me tenester. Men til tider har me òg anna å by på. På kommunehuset få du kjøpt fine jolegaver i år: Vikingsmykke, sløyd og bygdebøker.

Vikingsmykke, bygdebøkene og sløyden kan du bestille ved sentralbordet i Bygland kommune, tlf. 37 93 47 00 eller via post@bygland.kommune.no, emne Smykke/Bygdebok/Sløyd (velg det passende).

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland ; måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

VIKINGSMYKKE

I oktober inviterte Bygland kommune i samarbeid med Kulturhistorisk museum i Oslo til ny vikingtidsutstilling og kulturminnekonferanse på Bygland. I 2022 blei det alt skipa til *Utstilling om Gullfunn i Bygland i 1833*, og Hasla i Valle designa sitt første Byglandsmykke etter gamle funn.

I år stod prinsessegrava på Nese og krigargrava på Frøysnes i fokus.

I anledning av dagen har Hasla designa eit nytt smykket inspirert av sølje frå kvinnegrava. Smykket får du kjøpt i sølv eller gull, begge varianter kostar **1225 kr.**



SLØYD

Sløyden presenterer me ved publikumsmottaket på kommunehuset, slik at du kan sjå på den i ro. Produktene blei laga på dagsenteret på Byglandsfjord. Me har fleire varianter på lager og set stadig opp nye. Betaling: **Vipps #827091** (Psykisk helse).

**- Vugge 400kr - Barnestol 300kr - Krakk 300kr - Liten speil 50kr -
Stor eske 200kr - Nøkkelskap 400kr - Dorulleboks 150kr -**





JOLEGAVER PÅ KOMMUNEHUSET: BYGDEBØKER

BYGDEBØKER

Jolesal på Bygland sine bygdebøker bind 1 – 7 (Bygland gard og ætt).

Dette er eit godt høve å få praktverket inn i bokhylla i påvente av at dei neste 5 binda blir gjevne ut. - *Bestill hos Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland ; måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00; tlf. 37 93 47 00 eller via post@bygland.kommune.no*

Normalpris er kr. 400.- pr. bok. I desember sel vi bøkene for:

- Kr. 200.- pr. bok
- Kr. 1000.- for alle 7

1. Birkeland, Langeid, Hegland, Ånebjør. 2002. 510 s.
2. Sordal, Tveit, Heistad, Moi. 2003. 606 s.
3. Austad, Ose, Skore, Kile. 2005. 819 s.
4. Frøysnes, innleiing til Åraksbø, Nordenå, Gakkestad, Lidtveit, Haugetveit, Rosevall, Segberg. 2006. 647 s.
5. Resten av Åraksbø, gnr. 26 til 31: Stoplestog, Nedstoga, Eldhuset, Nordgarden, Haugen 2008 629 s.
6. Sandnes, Skomedal. - 2009. 644 s.
7. Nese, Kvåle, Skreland, Innleiing til Jordalsbø, Nørstebø. 2012. 664 s.

Bind 8 er venta i laupet av våren 2025.



INTERKOMMUNALE SELSKAP - KVA SKJER I DESEMBER?

Setesdal regionråd

04.12.2024: Styremøte kl. 10; Representantsskapsmøte kl. 11, E&H kommune

Setesdalsmuseet på Rysstad

- Ny utstilling: **Portrettmestaren Olav Bjørgum**
- **Joleverkstad på Setesdalsmuseet**, Fakkeltog, Ljosmesse, 1. advent frå kl 14



Setesdalsmuseet





NYTT FRÅ EININGANE

»» ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

● Offentleg ettersyn: Årsbudsjett 2025 og økonomi- og handlingsplan 2025-28

Formannskapet behandla årsbudsjett 2025 og økonomi- og handlingsplan 2025 - 2028 i møte den 28.11.24. Saka ligg ut til offentlig ettersyn ved publikumsmottaket på Bygland kommunehus i tida 29.11.24 - 11.12.24

Alle dokumenter i framlegg til budsjett 2025 og økonomi- og handlingsplan 2025 - 2028, samt prisliste/gebyrregulativ for 2025 og protokoll frå formannskapsmøtet 28.11.24 finn du også på kommunen si heimesida.

Formannskapet har kome med forslag til endringar i budsjettframlegget. Det betyr då at det dokumentet som blir lagt ut til offentlig ettersyn, faktisk er formannskapet si innstilling til budsjett, og innbyggjarar og andre kan kome med innspel til dei føreslegne endringane.

Då kan du sende e-post til post@bygland.kommune.no innan 11.12.24



»» SAMFUNN


● Stønad til bygging av badstoger i Bygland kommune

Kommunestyret har vedteke å gi støtte til bygging av badstoger i Bygland kommune.

Reglement for støtte til bygging av badstoger

Kommunestyret har, i PS 106/24, vedteke å sette av kr. 400.000.- til tiltaket.

- Søkar må vere eit lag, foreining eller kommersiell aktør som har organisasjonsnummer i Brønnøysundregistret. Lag og foreiningar blir prioritert før kommersielle aktørar..
- Bruken av badstoga skal ha eit allmenntilgjengelig føremål, dette må komme fram i søknaden. og må vere tilgjengeleg for innbyggjarane.
- Det må føreligge ein underskriven avtale med grunneigarar der badstoga ynskjast å setjast opp.
- Badstoger er søknadspliktige og krev byggeløyve frå kommunen.
- Det kan søkast om støtte med inntil 50% av dei totale byggekostnadane for næringsdrivande. Ingen tak for lag og foreiningar.
- **Søknadsfrist er 1. mai 2025.**
- Formannskapet får fullmakt til å behandle søknadar om tilskot



● No kan du melde om feil på gateljos

Haustmørket har senka seg, og av og til ser vi at det er gateljos som ikkje fungerer som dei skal. No kan du melde frå til oss om feil på gateljos. Vi har tilgong til eit system der du sjølv kan melde feil på gateljos, elektronisk.

Du finn meldingsskjemaet som nytt meny punkt på Bygland kommune si heimesida





NYTT FRÅ EININGANE

>>> PLEIE OG OMSORG

Desember på Byglandsheimen

Det skjer mykje på Byglandsheimen i desember:

3 Des, kl. 14.00: Andakt med Tove

5 Des: Besøksvenn – Julesmaker og historier

6 Des: Barnehagen baker pepperkaker

9 Des, kl.11.00: Julekonsert med Frode Moltemyr

11 Des, kl. 11.00: Pårørende Julelunsj og julekonsert med Vidar Frøysnes

13 Des: Barnehagen kommer og går Lucia

16 Des: Lefsebaking

17 Des, kl. 14.00: Andakt med Kjell

18 Des, 14.00: Julekonsert med Oddvar Høgevoll

24 Des, kl. 13.00: Andakt med Knut



Me vil nytte høvet til å takke våre tilsette for det daglege engasjementet deira. De er gode som gull!!!

Eit spesielt takk til trivselskoordinator Kenneth Fyhn som kvar månad set opp eit flott program for Byglandsheimen og tek så godt vare på bebruarane saman med kollegaene sine.

Firbeint besøk på Byglandsheimen

Eselet Philipp frå Langeid hilste på bebruarane på heimen.

“Tripp trapp tresko, så bluge og så rare”, startar Alf Prøysen sin Tripp Trapp Tresko-sang. På Byglandsheimen kunne ein ikkje høyre tresko, men hovslag som trippa gjennom gangene. Eselet Philipp kom på besøk ein onsdag i sein november. Det var rundt til bebruarar på heile heimen, innom på rom og kontor og var med på Open dag. Det er Elisabeth Langeid som eig eselet og tok det med i hestehengjar frå Moi for høvet.



*Venstre bilete f.v.:
Reinholdsarbeidar
Thea McShane,
sjukepleiar Live
Kvaale-Hansen, eselet
Phillip,
helsefagarbeidar
Tordis Musabali og
lærling Edda Bø
Berntsen.*

*Høgre bilete: Philipp
Fotograf: Sofie
Oliegreen*





NYTT FRÅ EINGANE

OPPVEKST



Kulturveke på barneskulen på Bygland

1.- 4. klasse på Bygland skule deltok i ei spanande kulturveke rundt tema VIKINGTIDA

I løpet av kulturveka var elevane på besøk på Bygland nye Bibliotek og såg på vikingtidsutstillinga saman med Ingvild Solberg Andreassen frå Kulturhistorisk museum i Oslo. Korleis levde vikingane i si tid? Kva våpen hadde dei? Kva klede? Kva leika vikingbarna med? Og kva slags mat åt dei?

Barna fekk prøve skjold og sverd, og fekk til og med laga eget sverd på sløyden! Så drog dei bort til Hanehaugen på Nese og såg på rollespel med Kong Hane.



Ein dag drog elevane bort til Hanehaugen på Nese og såg på rollespel med Kong Hane! Barna lærte seg masse om Bygland sin kulturarv frå vikingtida.

Bilete: Hege Jore Gakkestad/Bygland skule

Dei som har lyst til å sjå på vikingtidsutstillinga i Bygland nye bibliotek kan kome innom når biblioteket har open. (Sjå s. 3 for opningstider)

GOD JOL OG GOD FERIE!

Joleferie 2024/2025

Frå 21. desember til 5. januar tek oppvekstsentera joleferie.
Skulestart i 2025: måndag 6. januar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no. Nett: bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar



- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka



Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland (før jolepausen)

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12.00 -14.00 (02.12.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (03.12.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (09.12.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (**OBS! måndag 12.12.**)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15.00 - 17.00



Aktivitetar i Byglandshallen (før jolepausen)

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30; (12.12.)



Aktivitetar andre plasser (før jolepausen)

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (02.12.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30 - 20.30, Nesmoen 3, Bygland



**Bygland Frivilligsentral sin årlege Jolefest for dei frivillige
torsdag 5. desember kl. 18.00 -21.00, Revsnes Hotell, Byglandsfjord**

Alle som har bidrege frivillig er invitert til ei feiring av frivilligheta og di innsats!



BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland Ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Ny ungdomsklubb)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Ny ungdomsklubb)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Ny ungdomsklubb)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen

kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 20.12.)

Me opnar dei nye klubblokala i Bygland sentrum onsdag 4. des. kl. 18.00





JOLEGÅVETREET



No er Jolegåvetreet klart på Bygland. Om kort tid vil det også vere klart på Byglandsfjord, Evje og Åseral.

Det er faktisk slik at ikkje alle har moglegheit til å kjøpe gåve til borna sine, eller til nokon dei er glad i. Dette tilbodet er til deg. Det er og til deg som har lyst til å bidra til at andre får noko dei ønskjer seg.

Jolegåvetreet fungerer slik at ein kan melde inn ønskjer, og det er heilt anonymt. Ein ønske lapp vert hengt opp på eit tre og inneheld kun eit løpenummer som er heilt anonymt.

Konseptet er slik:

Til deg som har eit ønske: 🎁🎁🎁

Dei som ønskjer seg noko til jul, kan melde inn ønska sine til nokon i lista under. Det kan for eksempel vere: Jente, 7 år, Lego Friends. Den som tek i mot ønsket, held alt anonymt slik at ingen veit kven som har sendt inn ønske bortsett frå kontaktpersonen.

Kontaktpersonen har teieplikt.

Både born og vaksne kan melde inn ønskje, men gåvene skal vere til barn opp til 18 år. Me håper så inderleg at du som kjenner at dette hadde vore fint, melder det inn til nokre av kontaktpersonane under.

Til deg som vil kjøpe ei gåve: 🎄🎄🎄🎄🎄🎄🎄

Det vil stå eit juletre på Joker Bygland 🎄, på Coop Byglandsfjord 🎄 og på Unik i Evje sentrum, samt i Åseral 🎄. Her kan du vele deg ein lapp, med eit ønskje som du har lyst til å oppfylle. Du kjøper gåva 🎁, og leverer den saman med lappen til ein av dei kontaktpunkta nemnt under. Hentar du lapp Bygland, så er det naturleg å levere gåva inn til Joker Bygland/Bygland Frivilligsentral. Hentar du lapp på Coop Byglandsfjord er det naturleg å levere gåva der eller til Byglandsfjord grendelag. Anbefalt maks pris: 500kr.

Har du ikkje moglegheit til å gjere dette, fortvil ikkje. Du kan vippse eit beløp til Evje og Hornnes Røde Kors som vil nytte det til å kjøpe inn gåver.

Kven tek i mot ønskje/gåva?:

Karina Lislevand, Evje og Hornnes Røde kors: 905 07 228

May Brit Stenjord, Evje og Hornnes Sanitetsforening : 489 94 455

Evje og Hornnes Frivilligsentral: 974 18 570

Bygland Frivilligsentral: 945 10 770, eller ønskelapp i postkasse utanfor Frivilligsentralen.

Kirsten Lømsland, Byglandsfjord grendelag: 482 56 857

PS: Du kan melde inn ønsket ditt til kven som helst. Me kan ikkje garantere at alle ønska vert oppfylt.♥♥♥♥

Jolegåvetreet er eit resultat av fleire samarbeidspartnarar. Evje og Hornnes Røde Kors, Evje og Hornnes Sanitetsforening, Byglandsfjord Grendelag, Bygland Frivilligsentral, Evje og Hornnes frivilligsentral og kyrkjene i Evje og Hornnes.





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland
bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 03. og 17.12. kl. 14.00**

KONFIRMANTUNDERVISNING

- **måndag 02.12. kl. 14.30**, Vonheim bedehus, Bygland

KVELDSMØTE

- **torsdag 05.12. kl. 19.00**, Kveldsmøte, Jan Inge og Grethe Skeie taler og synger. Vonheim bedehus, Bygland. Arrangør: Elim Evje

GUDSTENESTER

- **tysdag 24.12.**
 o **kl. 13.00** Jolegudsteneste på Byglandsheimen
 o **kl. 14.00** Jolegudsteneste i Bygland kyrkje
 o **kl. 16.00** Jolegudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi
- **onsdag 25.12. kl. 16.00** Høgtidsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø
- **onsdag 01.01 2025 kl. 11.00** Nyårgudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi



KONSERT

- **sundag 08.12. kl. 18.00**, Kong Hanes Jol. Bygland kyrkje
- **sundag 22.12. kl. 18.00** Me syng jola i (Allsang). Sandnes kyrkje, Åraksbø





»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTOMING - DESEMBER 2024

- **Matavfall og restavfall:** veke 50: torsdag 12.12.
- **Papir og plast:** veke 51: tysdag 20.12.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 52: torsdag 27.12.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.12.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (28.12.)
- **Syrvtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (14.12.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

YMSE

»»» STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR
Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;
på FB: facebook.com/StogaAS

- kvar fredag og søndag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

Bygland museum, Presteneset, Bygland.

Stengt for sesongen



»»» BJOREN BRYGGE

Kafé, ølhage, live musikk rett ved Byglandsfjorden!

Presteneset 12, 4745 Bygland
Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;
på FB: [bjorenbrygge](https://facebook.com/bjorenbrygge)



Bjoren Brygge i Desember

8. Advents-åpent 14-19
13. Open Pub
15. Advents-åpent 14-19
19. Heim te' Jol
22. Advents-åpent & pakkeverksted 14-19
23. Kvelden før kvelden 19-23
24. "Badehus" 12-13
25. Fysste Joledagsfest
28. RomjulsQuiz

Nina



YMSE

>>> MUSIKK



KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

BYGLAND LEIKARRING

Øving måndagar kl. 17.30 - 18.30; Bygland kulturscene

Akkurat no er aldersgruppa frå barnehage til 7. klasse, men viss det er meir interesse blant eldre elevar, kan me starta ein eigen leikarring!



BYGLAND HORNMUSIKK

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

KINO PÅ BYGLAND - DESEMBER

>>> BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE



Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 4. DESEMBER

KL. 17.30: JUL MED ASTRID LINDGREN

Tillatt for alle. 110 kr. Barnefilm

KL. 19.30: MARIA MONTESSORI

9 år. 130 kr. Biografi, drama



Bygdekinoen

<p>17:30</p> <p>Jul med Astrid Lindgren Tillatt for alle • 110 Kr Barnefilm, Animasjon 52m</p>	<p>19:30</p> <p>Maria Montessori 9 år • 130 Kr Drama, Biografi 1t 40m</p>
--	---

Onsdag 04.12
Bygland Kulturscene

>>> BYGLAND FILMKLUBB - BYGLAND KULTURSCENE

SUNDAG 8. DESEMBER

KL. 19.00: ROLLEBYTTE (TRADING PLACE; 1983).

12 år. 50 kr. Jolekomedie



➤➤➤ JOLETID 2024 - JOLEARRANGEMENT I BYGLAND



Det er arrangement frå 4. des. som Byglandsnytt fekk informasjon om. Med atterhall om endringar. Lista er sikkert ikkje fullstendig. Bygland har så mykje å tilby i før/jolstida.

onsdag 04.12.

kl. 17.30: Bygdekinoen med jolefilm: Jul med Astrid Lindgren (for alle). Bygland kulturscene
kl. 19.30: Bygdekinoen: Maria Montessori (9år). Bygland kulturscene

torsdag 05.12 kl. 18.00: Bygland frivilligsentralen sin Jolefest for dei friviljuge i Bygland.
Revsnes Hotell

sundag 08.12

kl. 18.00: Jolekonsert med Kong Hane. Bygland kyrkje
kl. 19.00: Bygland Filmklubb med jolekomedie: Rollebytte (Trading places. 1983. 12 år).
Bygland kulturscene

tysdag 10.12 kl. 18.00: Rådet for Eldre og Funksjonshemma inviterer alle i ålder 67+ og funksjonshemma i alle alder til joletallerken på Revsnes Hotell

sundag 15.12 kl. 18.00: Jolekonsert med Kong Hane. Sæbyggjen i Valle.

torsdag 19.12 kl. 18.00: Heim te jol på Brygga, Bygland. Arrangør: Bygland Næringslag

sundag 22.12 kl. 18.00 Me syng jola inn (Allsang). Sandnes kyrkje, Åraksbø

tysdag 24.12

o kl. 12.30 Jolebad på Tangen, Bygland. Arrangør: Bygland Badelag
o kl. 13.00 Jolegudsteneste på Byglandsheimen
o kl. 14.00 Jolegudsteneste i Bygland kyrkje
o kl. 16.00 Jolegudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi

onsdag 25.12 kl. 16.00 Høgtidsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø

laurdag 28.12 kl. 11.00 Romjølsturnering Bygland 2024. Volleyball mix-turnering i Byglandshallen. Arrangør: Bygland IL

onsdag 01.01 2025 kl. 11.00 Nyårsgudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi





KVA SKJER I BYGLAND DESEMBER 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Jol på Bygland - Foto: Susanne Hegenscheidt

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
onsdag 04.12.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30 kl. 19.30	1: Jul med Astrid Lindgren 2: Maria Montessori
onsdag 04.12.	Bygland sentrum	kl. 18.00	Nyopning Bygland bibliotek og Ungdomsklubb
sundag 08.12.	Bygland kyrkje	kl. 18.00	Konsert: Kong Hanes Jol
sundag 08.12.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19.00	Film: Rollebytte (Trading places; 12 år)
tysdag 17.12.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
torsdag 19.12.	Bygland Næringslag, Bjoren Brygge, Bygland	kl. 18.00	Heim te jol
sundag 22.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 18.00	Allsang: Me syng jola i
tysdag 24.12.	Bygland Badelag, Tangen	kl. 12.30	Jolebad på Bygland
tysdag 24.12.	Byglandsheimen	kl. 13.00	Jolegudsteneste
	Bygland kyrkje	kl. 14.00	Jolegudsteneste
	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 16.00	Jolegudsteneste
onsdag 25.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16.00	Høgtidsgudsteneste
laurdag 28.12.	Byglandshallen	kl. 11.00	Romjølsturnering i volleyball



FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYS DAGAR OG FREDAGAR KL. 17-20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - GRATIS! - **SISTE DAG I 2024: 20.12.**